



H.M. Dronning Sonja til Opera Nordfjord

Den 4. oktober besøker H.M. Dronning Sonja Opera Nordfjord. Presse som ønskjer å dekke besøket, må vere akkreditert hos Statsforvaltaren i Vestland.

I løpet av besøket vil Dronninga først besøke Kulturhuset Gamlebanken. Dronninga har takka ja til å vere årets operakunstnar, og har stilt ut eigen kunst i galleriet i Eidsgata 10.

Seinare på kvelden vil Dronninga delta på premieren av operaførestillinga Soga om Sol ved Opera Nordfjord. Soga om Sol er ein nyskriven utvandarmusikal, inspirert av ein spennande eventyrar frå Nordfjordeid.

Under besøket vil det vere reserverte område for pressa.

Tidsplan for besøket 4. oktober

Kl. 13.00–14.00: Dronninga deltek på opninga av eiga utstilling i Kulturhuset Gamlebanken

Kl. 18.25–22.20: Dronninga deltek på premieren av Soga om Sol ved Operahuset Nordfjord

Pressa må vere på plass i god tid.

Akkreditering

Alle journalistar og fotografar som ønskjer å dekke heile eller deler av Dronninga sitt besøk i Nordfjord, må søke om akkreditering til Maria Nesse Haugen (maria.haugen@statsforvalteren.no / 57 64 30 58 / 99 31 25 43) hos Statsforvaltaren i Vestland.

Frist for akkreditering er 2. oktober 2023 kl. 16.

Detaljert presseprogram vil bli ettersendt til akkreditert presse.